MARSJØDRIFTA

VEGETASJONSKART

1:25 000



Tegnforklaring

SNØLEIE (Snow-bed vegetation)

1a Mosesnøleie (Moss snow-bed)
Forekjem i lesider og senkingar med ekstreme snøforhold, oftast høgt til fjells. Snøen kan ligge til ut i august. Veksesesongen blir så kort at få planteartar kan leva her. Mose utgjer saman med musøre, hoveddelen av vegetasjonen. Plantedekket er gjerne brote opp av grus, stein og blokkar.

1b Grassnøleie (Sedge and grass snow-bed)
Finst i lesider der snøen kan ligge til ut i juli. Marka er næringsfattig til middels næringsrik. Småvaksne gras- og storrartar dominerer vegetasjonen. Vanlegaste utforming av typen er stivstorr- eller smyledominert, men også finnskjeggutforming forekjem. Innslaget av musøre kan vera stort.

1c Frostmark, letype (Frozen ground, leeward)
Dette er lesamfunn i mellomfjellet med moderat snødekke. Marka er oftast påverka av jordsig. Vegetasjonsdekket er tynt og dominert av lågvaksen lyng, spreidde urter og gras, samt lavartar som krev eit visst snødekke. Enkelte snøleiearter som musøre kan få stor dekning, utan at typen får snøleiepreg.

HEISAMFUNN I FJELLET (Alpine heath communities)

2a Frostmark, rabbetype (Frozen ground, ridge)
Vegetasjon i øvre del av mellomalpin sone. Marka er sterkt påverka av frostaktivitet og snødekket er tynt. Vegetasjonsdekket er spreitt og sparsamt. Artar frå rabb og snøleie møtest her under svært ekstreme vekstilhøve. Viktige artar er gulskinn, rabbesiv, ulike frytler og musøre.

2b Tørrgrashei (Dry grass heath)
Får størst utbreiing på flyer i mellomfjellet der lausavsetningane har god drenering. Snødekket er tynt til moderat. Vegetasjonen er dominert av hardføre gras og halvgras som rabbesiv, sauesvingel, smyle og stivstorr, oftast med lavartar i botnen.

2c Lavhei (Lichen heath)
Forekjem på rabbar og andre vindutsette stader i fjellet med næringsfattig, ofte grunn jord. Snødekket er tynt om vinteren. Vegetasjonen består av låge hardføre artar som tåler frost, tørke og vindslit. Dette er først og fremst krypande dvergbjørk, krekling og andre lyngartar, og snøskyande lavartar.

2d Reinrosehei (Mountain avens heath)
Parallell til lavheia på kalkrik grunn, men kan også forekoma på stader med betre snødekke. Ved sida av lavheia sine artar, finn vi eit høgt tal med låge, kravfulle urter og storr. Reinrose, mjeltartar og andre karakteristiske blomsterplanter kjenneteiknar typen.

2e Rishei (Dwarf shrub heath)
Forekjem i lågfjellet og på avskoga areal under skoggrensa, på meir beskytta areal med betre snødekke enn lavheia. Marka er næringsfattig til middels rik med moderat vassforsyning. Vegetasjonen er dominert av dvergbjørk, blåbær, krekling og smyle. Ved godt snødekke går dvergbjørka ut. Einer kan ha høg dekning særleg kring setervollar. Vier kjem inn i friske utformingar. Ei lavrik utforming er vanleg i kartområdet.

2f Alpin røsslynghei (Alpine calluna heath)

2g Alpin fukthei (Alpine damp heath)

ENGSAMFUNN I FJELLET (Alpine meadow communities)

3a Lågurteng (Low herb meadow)
Engprega, lågvaksen vegetasjon, oftast snøleie. Plantedekket er artsrikt med låge, kravfulle urter, gras og halvgras. Innslag av lågvaksen vier kan forekoma. Sterkt beita høgstaudeeng kan få preg av lågurteng og kan inngå i typen.

3b Høgstaudeeng (Tall forb meadow)
Frodig og artsrik vegetasjon som opptrer langs elver og bekkar og i lier og dråg med god tilgang på næring og vatn. Høge urter og gras dominerer feltsjiktet. I dette området kan typen stadvis vera meir grasrik enn vanleg på grunn av beiting. Oftast finn vi eit busksjikt av vierartar, men dette kan vera tynt i beita utformingar.

LAUVSKOG (Deciduous forest)

4a Lav- og lyngrik bjørkeskog (Lichen and heather birch forest)
Artsfattig, lågproduktiv bjørkeskog som opptrer på grunnlendt mark eller grove lausavsetningar. Tresettinga er ofte glissen med fleirstamma, krokute tre. Nøysame og tørketålande lyngartar og lavartar dominerer undervegetasjonen.

4b Blåbærbjørkeskog (Bilberry birch forest)
Bjørkeskog som opptrer på mark med moderat tilgang på næring og vatn. Undervegetasjonen er dominert av blåbær og smyle. Krekling kan ha høg dekning. Ved sida av andre lyngartar, finst ein del lite krevande urter og ofte eit tett mosedekke. Ei frisk utforming får innslag av småbregner og fleire urter. Ei utforming totalt dominert av smyle forekjem vanleg etter angrep av bjørkemålar. Einer kan ha høg dekning i busksjiktet.

4c Engbjørkeskog (Meadow birch forest)
Artsrik og voksterleg bjørkeskog som forekjem i lier og dråg med tilførsel av friskt sigevatn. Høge urter, bregner og gras dominerer feltsjiktet. På grunn av beiting og tidlegare slått er mykje av denne typen grasrik i kartområdet. På næringsrik mark med begrensa vasstilgang opptrer sjeldnare ei lågurtutforming. Feltsjiktet her er dominert av skogstorkenebb og meir lågvaksne urter og gras.

4d Kalkbjørkeskog (Birch forest on lime soils)

4e Oreskog (Alder forest)

4f Flommarkkratt (Flood-plain shrubs)

4g Hagemarkskog (Pasture land forest)

VARMEKJÆR LAUVSKOG (Thermophilic deciduous forest)

5a Fattig edellauvskog (Poor broad-leafed deciduous forest)

5b Rik edellauvskog (Rich broad-leafed deciduous forest)

FURUSKOG (Pine forest)

6a Lav- og lyngrik furuskog (Lichen and heather pine forest)

6b Blåbærfuruskog (Bilberry pine forest)

6c Engfuruskog (Meadow pine forest)

6d Kalkfuruskog (Pine forest on lime soils)

GRANSKOG (Spruce forest)

7a Lav- og lyngrik granskog (Lichen and heather spruce forest)

7b Blåbærgranskog (Bilberry spruce forest)

7c Enggranskog (Meadow spruce forest)

FUKT- OG SUMPSKOG (Peatland forest)

8a Fuktskog (Damp forest)

8b Myrskog (Bog forest)

8c Fattig sumpskog (Poor swamp forest)

8d Rik sumpskog (Rich swamp forest)
Samling av rike sumpskogtypar. Godt utvikla tresjikt av bjørk eller høgvaksne vierartar. Busksjikt av vier kan forekoma. Feltsjiktet er velutvikla med storr, gras og innslag av høge urter. Tresette rikmyrer kjem óg inn i denne typen.

MYR OG SUMP (Wetlands)

9a Rismyr (Bog)
Myr med næringsfattig og som regel lite omdanna torv, gjerne bygd opp i tuver. Vegetasjonen er dominert av dvergbjørk, torvull, molte, lyngartar og torvmosar, ofte med lav på toppen av tuvene.

9b Bjønnskjeggmyr (Deer-gras fen)

9c Grasmyr (Fen)
Sigevasspåverka myr der artsinventar og produksjon vil variere med næringsinnhaldet i sigevatnet. Mykje av grasmyrene i området er rike eller ekstremrike myrer. Dominerande vegetasjon er gras og halvgrasartar med brunmosar eller torvmosar i botnen. Eit glissent busksjikt med vier finst på mange myrer.

9d Blautmyr (Mud-bottom fens and bogs)
Djup myr med dårleg bereevne. Artsutvalet er begrensa til nokre få halvgras og urter, ofte med ei tett matte av torvmosar. Opne parti med dy og vasspyttar er vanleg.

9e Starrsump (Sedge marsh)
Botnfast vegetasjon langs breidda av innsjøar, tjønner og elver. Her finst berre eit feltsjikt dominert av store storr og sivartar eller elvesnelle, som står i vatn størstedelen av veksesesongen.

OPEN MARK I LÅGLANDET (Non-forested land below the timberline)

10a Kystlynghei (Coastal heath)

10b Røsslynghei (Calluna heath)

10c Fukthei (Damp heath)

10d Knausar og kratt (Crags and shrubs)

10e Fukt- og strandenger (Moist- and shoremeadows)

10g Elveør (Alluvial sand and gravel planes)
Vegetasjon på ustabil mark på grer i eller langs elveløp. Artssamansettinga er svært variabel avhengig av vegetasjonen sitt utviklingstrinn og næringsinnhaldet i lausmassane. Felt- og busksjikt er glissent med høgt innslag av stein, grus og sand.

10f Sanddyner og grusstrender (Dunes and gravel beaches)

JORDBRUKSAREAL (Farm land)

11a Dyrka mark (Cultivated land)
Fulldyrka eller overflatedyrka jord med grasdyrking.

11b Beitevoll (Pastures)
Kulturbetinga vegetasjon skapt gjennom beiting, slått og rydding. Gras og beitetolande urter dominerer. Dette kan omfatte svært ulike utformingar etter nærings- og vassinnhald i jorda. Det meste av arealet ligg ved setrer, men ein finn óg areal utanom setrene som i første rekkje er kultivert gjennom beiting.

UPRODUKTIVE OG BEBYGDE AREAL (Non-productive areas)

12a Grus, sand og jord (Barren land)

12b Ur og blokkmark (Boulder field)
Areal med mindre enn 25 % vegetasjonsdekning. Resten består av blokkar, stein og grus.

12c Bart fjell (Exposed bedrock)
Areal med mindre enn 25 % vegetasjonsdekning. Resten består av bart fjell.

12d Bebygd areal, tett (Built-up areas)

12e Bebygd areal, ope (Scattered housing)

12f Anna nytta impediment (Artificial impediment)
Grustak, fyllingar, anleggsområde, alpinanlegg o.l.

12g Varig is og snø (Glaciers)

TILLEGGSOPPLYSNINGAR (Additional information)

Stein og blokkar (Rocks and boulders)
ϕ Areal med 50-75 % stein og blokk.

Bart fjell (Exposed bedrock)
^ Grunnlendt mark (berre registrert i skog)
^ Areal med 50-75 % bart fjell.

Spreidt vegetasjon (Scattered vegetation)
~ Uproduktive areal (12a, b, c) med 10-25 % vegetasjonsdekke.

Lav (Lichens)
v Areal med 25-50 % lavdekning.
x Areal med meir enn 50 % lavdekning.

Finnskjegg (Nardus stricta)
n Areal med meir enn 75 % dekning av finnskjegg.

Grasrik vegetasjon (Grassrich vegetation)
g Beitepåverka vegetasjon med meir enn 50 % grasdekning.

Vier (Willows)
ɔ Areal med 25-50 % dekning av vier.
s Areal med meir enn 50 % dekning av vier.

Einer (Juniperus)
j Areal med meir enn 50 % dekning av einer.

Treslag (Tree species)
Tilleggssymbol for treslag blir bruka i vegetasjonsfigurar der det i tillegg til hovedtreslaget finst meir enn 25 % kronedekning av anna treslag. For skogtypar der treslaget ikkje ligg i typenamnet, viser første tilleggssymbol hovedtreslaget. Dette gjeld hagemarkskog og fukt- og sumpskog. Open mark får symbol for treslag når kronedekninga utgjer 5-25 % av arealet.

◌ Lauvskog (Deciduous trees) $ Vier i tresjiktet (Willows)

Skogtettheit (Forest crown density)
] Skogareal med 25-50 % kronedekning i tresjiktet.

Kalkkrevande vegetasjon (Calcareous vegetation)
k Kalkkrevande utforming. Bruka på grasmyr, lågurteng, frostmark og mosesnøleie.

Mosaikksignatur blir bruka der to vegetasjonstypar opptrer i mosaikk. Dominerande vegetasjonstype blir ført først og type nr.2 blir ført på dersom denne utgjer meir enn 25 % av arealet innafor figuren. Dersom hovedtype og type nr. 2 har same talkode, blir talet sløyfa i signaturen bak skråstreken.

Eks.: 4a/9c = Lav- og lyngrik bjørkeskog i mosaikk med grasmyr
9c/a = Grasmyr i mosaikk med rismyr

NB! Vegetasjonstypar utan fargekode og forklaring er ikkje representert på kartet.

Feltarbeid: NIBIO 2017
Kartframstilling: NIBIO 2018
Kartgrunnlag: Statens kartverk N50 kartdata, © Norge digitalt
Koordinatar i UTM, sone 32 N.
Prosjektansvarleg: Yngve Rekdal

Kartet er laga på oppdrag frå Folldal kommune.

0 500 1 000 m

NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI